

Alver kommune, Plan og byggesak
 Postboks 4
 5906 FREKHAUG

Referanser:
 Dykker: 7b360d23-d4a8-44c3-b170-426c4e7245a5
 Vår: 21/555 - 21/7295

Saksbehandlar:
 Linda Hammersvik Folkestad
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
 03.02.2021

Uttale på søknad om dispensasjon og flytting av avkjørsle - GBNR 428/127 Kvalheim

Tiltak: Mur, levegg, bod og flytting av avkjørsle
Byggestad: Marøyvegen 25 – Gbnr 428/127
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle
Ansvarleg søker: Leigland Bygg AS


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot veg og flytting av etablert avkjørsle på gbnr 428/127, Kvalheim nedre.

Uttale:

Flytting av avkjørsle:

Eigedom ligg innanfor reguleringsplan Kvalheim nedre. Bustadtomt har i dag tilkomst frå regulert fellesveg i nordøstre del av tomta. Det vert søkt om løyve til å flytte avkjørsle til nordvestre del av tomta. Byggesak har bedt om uttale i saka.

Avkjørsle som er vist på innsendt situasjonsplan er ikkje vist med svingradius. Dersom ein legg inn ei svingradius $R = 4$ meter ser ein at arealet foran eksisterande bygg kan være noe knapp. Svingradius skal sikre at kjøretøy står mest mogleg vinkelrett på hovudvegen. Ei slik plassering av kjøretøy skal sikre at føreren har god oversikt over trafikken i begge retninger.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50
 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
 Organisasjonsnummer: 920 290 922

Avkjørsle som vist på innsendt situasjonsplan kjem i konflikt med avkjørsle på gbnr 428/126. Ein bør ha større avstand mellom avkjørslane for å sikre at avkjørslane vert trafikksikre.

Mur:

Mur som er tenkt plassert 2 meter inne på tomta kjem i siktsone til etablerte avkjørsler. I siktsoner bør ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over primærvegen. Murer med høgde frå 0,5 meter og oppover har, ihht byggteknisk forskrift, krav om sikring. Total høgde vil da overskride 0,5 meter. Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning anbefaler derfor at mur vert flytta lenger inn på tomta.



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG